

Reduserte takstar for bompengeprojektet Kvammapakken frå 22. mars 2021

Bomstasjonane i Kvammapakken, Rv 7 Kjøpshøgda/Steinsdalen med innkrevjing begge retningar, vil frå 22. mars få om lag halverte takstar. Grunnen til reduksjonen i takstane er at prosjektet er tildelt 138,5 millionar kroner i statlege tilskot. Stortinget løyvde desse midlane i samband med nysalderinga av Statsbudsjettet for 2020.

Vestland fylkesting har i vedtak frå 10. mars 2021 slutta seg til framlegget om nye takstar og Vegdirektoratet godkjente dei nye takstane 15. mars.

Takstskilta ved bomstasjonane vert endra i løpet av dagen den 22. mars. Takstreduksjonen gjeld frå kl 00:00 22. mars.

Nye takster frå 22.03.21:

Bomstasjon	Takstgruppe 1 Full pris uten avtale	Takstgruppe 2 Full pris uten avtale	Takstgruppe 1 med AutoPASS avtale og brikke	Takstgruppe 2 med AutoPASS avtale og brikke
Ordinære kjøretøy	Kr 25,00	Kr 33,00	Kr 20,00	Kr 33,00
Nullutsleppskjøretøy	Kr 25,00	Kr 33,00	Kr 10,00	Kr 0,00

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Kvammapakken med nullutsleppskjøretøy.

Takstgrupper:

Takstgruppe 1: Kjøretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt kjøretøy i kjøretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Kjøretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. kjøretøy i kjøretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Timesregel og månedstak:

Avtalefordelane med timesregel og månedstak fortset som tidlegare. Timesregelen gjelde for 1,5 time for Kvammapakken.

Nullutsleppskjøretøy:

Nullutsleppskjøretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og brikke betalar 50 prosent av ordinær bompengetakst etter brikkerabatt. Nullutsleppskjøretøy i takstgruppe 2 med gyldig avtale og brikke får 100% rabatt.

Takstendringa kan klagast på til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering.

Klage kan sendast til Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo, eller firmapost@vegvesen.no